

Skriftleg spørsmål om fylkeskommunen sine moglegheiter til å oppnå miljømåla sine i akvakultursaker - til fylkestinget 15.-16. desember 2020

Fylkesordførar,

i *Utviklingsplan for Vestland 2020-2024* er mål 2 «Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling» og strategi 2.1 «Vestland skal vere ein pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp innan 2030».

I PS 236/2020 vedtok eit samrøysta fylkesutval eit mål om «full utnytting av avfallsressursane», eit klart politisk signal at Vestland fylkeskommune vil krevje full utnytting av avfallsressursane frå oppdrett – noko som inneber null utslepp.

Fylkestinget har delegert mynde i akvakultursaker til Fylkesrådmannen. Fylkeskommunen sin heimel er akvakulturlova. Fylkeskommunen kan i prinsippet ivareta omsynet til vill fisk, korallar og anna truga naturmangfald gjennom redusert eller null utslepp til fjorden og lufta, men for å gjere det må fylket ha eit heimelsdokument frå fylkestinget – d.v.s. politisk vedtekne retningsliner for handsaming av søknader.

Fylkesmannen gjer vedtak i akvakultursaker etter forureiningslova og gir uttale etter naturmangfaldslova, men fylkeskommunen gjer ei samla vurdering i slutthandsaminga og tek den endelege avgjerda i saker. Fylkeskommunen ser om miljødokumentasjonen i søknader gir godt nok grunnlag for å vurdere om tiltak får vesentleg verknad for miljø og samfunn eller ikkje.

Ifølgje brukarhandboka frå Fiskeridirektoratet er dei mest krevjande kriteria ved slutthandsaming av søknader kriteria om tiltaket er miljømessig forsvarleg. Dette betyr at fylkeskommunen må vurdere tiltak opp mot raudlisteartar, naturtypar, påverknaden på vill laks og sjøaure, marine fiskeartar og anna marint liv, forureining/utslepp med meir. Skader på sentrale miljømål skal ikkje tillatast.

Sidan Vestland fylkeskommune er ein pådrivar for nullutslepp og set klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling, må fylket sine miljømål vege tungt i fylkeskommunen sine vurderingar om akvakulturtiltak har vesentleg verknad for miljø og samfunn, og i den samla vurderinga og endelege vedtak som fylket fattar. Akvakulturnæringa er ein del av samfunnsutviklinga og må ta del i den nødvendige klimaomstillinga.

Då spør eg:

Korleis kan fylkeskommunen, i tråd med Vestland sine mål, krevje nullutslepp av avfallsressursane til sjøen og nullutslepp av klimagassar (eller i det minste, ein reduksjon av desse), i handsaming av akvakultursaker, til dømes i samband med vurderingane av verknaden for miljø og samfunn og av konsekvensane for miljøet og naturmangfaldet i ei samla sluttvurdering og endeleg vedtak?

Vil fylkesordføraren ber om ei sak med eit forslag til eit heimelsdokument frå fylkestinget med politisk vedtekne retningsliner for handsaming av akvakultursøknader som tek utgangspunkt i Vestland fylke sine mål om nullutslepp til sjøen og lufta?

Mark Taylor, fylkestingrepresentant for MDG Vestland